

Vann over seriemeistrane i siste kamp.

28.10.2017



Jamn og god kamp, knepen siger og gode kompisar etterpå. Her løftar laga dei to gode keeperane.

Det var skikkeleg lokaloppgjjer på kunstgrasbanen i ettermiddag då G13-laget til Uskedalen hadde besøk av Rosendal. Rosendalslaget hadde alt vunne serien sidan Uskedalen spela uavgjort mot Rubbestadneset sist helg, men det var likevel mykje prestisje som stod på spel i ein slik kamp. Begge lag ville visa at dei var best.



Publikum høgt i tårnet.

I følge dei som har fulgt Uskedalslaget gjennom sesongen, har innsatsen svinga frå kamp til kamp, og det har vist at dei kan vera på høgde med dei beste. I dag var motivasjonen tydeleg på plass, med god innsats gjennom heile kampen. Det starta jamnt med sjansar til begge lag, og raske Mathias N. Børve skapte tidleg hovudbry for Rosendalsforsvaret. Første mål kom etter 17 minutt då Rosendal scora etter corner. Det tok ikkje meir enn 2 minutt før det vart ballanse i målprotokollen då Mathias N. Børve utlikna etter at han fekk sjansen etter å ha kjempa svært godt.

Etter 23 minuttar gjekk så Rosendal opp i leiinga att etter at eit langt utspel frå keeper vart ekspedert vidare som eit godt langskot som gjekk i stolpen og inn. Like etter var Uskedal svært nær utlikning etter eit godt skot frå Olve S. Tveit. Etter 26.minutt fekk så Olve scoringa si. Elias J. Eide gjorde ein kjempeinnsats på kanten, og la ballen flott inn til Olve som scora sikkert. Dermed var det 2 - 2, og det var også pauseresultatet etter den jamnspela førsteomgangen.

Mathias N. Børve var førstemann på scoringslista etter pause, og dermed var Uskedal i leiing for første gong i kampen. Rosendal utlikna på langskot 10 minutt uti omgangen før Mathias var på farten igjen og førte heimelaget i leiing då han vart spela igjennom og fullførte hat trick med si tredje scoring. Rosendalslaget gav seg ikkje, og scora nok ein gong etter corner, og dermed var det 4 - 4. Kampen vart så avgjort då Anders I. Myklebust scora direkte på frispark mest frå midtbanen. Dermed var det 5 - 4 som også var resultatet då kampens gode dommar Jostein Soldal bles av kampen.

Det vart ein god, spennande og underholdande kamp mellom to jamne og gode lag. Dei mange sjansane gjorde kampen ekstra underholdande, og resultatet kunne like gjerne blitt 15 - 14 dersom det ikkje hadde vore for to sær gode keeperar(Karsten H. Bjørnebøle for UIL). Begge varta opp med vake og sikkert keeperspel i feltet og mange svært gode redningar. To av spelarane på Uskedalen, Marius Eidsvik og Kristian Øvstebø hadde forfall, og derfor var 3 spelarar frå yngre lag med. Både Olve S. Tveit og William Hjørnevåg(f.2005) og yngstemann Elias Jensen Eide (f.2006) gjorde ein svært god innsats på banen.



Dei yngste likte og ein tur i klatreparken

Desse spela kampen: Karsten H. Bjørnebøle, Torbjørn Haugland, Johan S. Kroka, Anders I. Myklebust, Tørres T. Myklebust, Olve S. Tveit, Mathias N. Børve, Mats Eidsvik, Vidar Eidsvik, Sander Eikenes Øye, Elias J. Eide og William Hjørnevåg. Hovudtrener er Tommy Eidsvik som har hjelp av Kjetil og Endre Myklebust i treningsarbeidet.

Dette var siste seriekamp for laget denne sesongen som har resultert i ein flott 2.plass på tabellen. Det var kjekt å sjå kampen og den flotte innsatsen dei la ned. Ekstra triveleg vart det ved at det vart servert kaffi og kjeks til publikum i pausen. Mange publikummararar kosa seg også i den nye klatreparken som nett var opna for aktivitet.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland